



DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

# Helgedagen

NR. 5 - desember 2024 56. årg.

Der låg han  
med høy til  
pute...



Ny prest på Undheim



side 6

Kvardagsmøte



side 8

Julegryta



side 12

Fest i Guds hus

side 13

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang frå Saronsbroten

heimeside: [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no)

post@timekyrkjene.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeveje:

Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

### Time

Heimeside: [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeteren helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf 489 97 102

Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

### Lye forsamlingshus

Heimeside: [www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)

### Bryne

Heimeside: [www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Dagleg leiar:

Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080

Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231

Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504

Kyrkjeteren helg: Arne Espvik tlf. 909 70 522

Kyrkjeteren helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Kyrkjelydsutviklar:

Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

### Undheim

Heimeside: [www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649

Kyrkjeteren: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no



## Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannlaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de

ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»*

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdet på, undra seg over det gjætarane fortalte. Men Maria gjøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde hørt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Framsidefoto: Julekrybba i Bryne kyrkje. Foto: Reidun Jane Heskestad

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@timekyrkja.no](mailto:helgedagen@timekyrkja.no).

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 20. januar



## Syng som aldri før!



BISKOP ANNE LISE ÅDNØY

Kva gjer julesongane med oss? Vakre ord om lys og glede, fryd og fred. Handlar dei om andre enn oss, i ei anna tid, ein annan stad? Freden i verda har ikkje vore meir truga sidan Cubakrisa i 1962, melder BBC. Kan vi likevel syngja «Fred over jorden, menneske, fryd deg!»? (Salmeboka nr.48) Svarer er JA! Vi ikkje berre kan, vi MÅ syngja og fryda oss og feira og aldri gje opp trua på at Gud har

verda i si hand. Hans vilje er å skapa fred og rettferd og gje alle menneske glede og tilgjeving i trua på Jesus.

Juleevangeliet fortel oss at Gud ved å senda sin son til oss opnar ein ny veg for menneska til å leva sine liv i tillit og tru til Guds nåde, utan krav om høg moral eller plettfri livsførsel.

Det er noko enkelt over evangeliet om Jesusbarnet. «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg, slik opna du porten til himlen for meg.» (Salmeboka nr. 56) Salmen fangar juleevangeliet – og kristen tru – i éi setning.

Har du ikkje ei salmebok? Ønsk deg ei til jul!

Vi går snart inn i jubileumsåret 2025. I over 900 år har vi sunge julesongar saman her i Rogaland. For heile 1700 år sidan vart trua

på Jesus formulert slik i den nikenske truvedkjenningsa: «For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen». (Salmeboka s. 1144-1145). 800 år seinare blei Domkirka i Stavanger bygd til ære for Gud og glede for menneske. Vi kan ikkje vurdera høgt nok kva den glade bodskapen om Jesus har betydd og fortsatt betyr.

Gleda Jesus gjev er ikkje ein motsetnad til ein mørk situasjon i verda eller til sorg. Den ber oss gjennom alt, særleg når vi syng saman.

Julesongane er til for å bli brukt midt i uroa, midt i sorgene. Vi kan syngja dei trass i alt som er mørkt, og på grunn av lyset Jesusbarnet brakte inn i verda. Dei set toner til håpet og held fast freden.

«Verden var aldri helt forlatt! En stjerne skinner i natt.» (Salmeboka nr. 68)

# Nytt frå kyrkjeverja sin pult ...

Me er allereie langt inne i haustsemesteret og kyrkjene i Time er fylte av mange gudstenester og ulike aktivitetar. Me har nettopp lagt bak oss allehelgenssøndag der me på ein spesiell måte minnest dei som har gått bort siste året. I januar var det minnegudsteneste med opplesing av namn.

TEKST: JOSTEIN AARBAKKE TOLLAKSEN

Me har i lengre tid planlagt for nybygg for barnehage og kyrkjecontor på nabotomta til Brynekyrkja – ved det såkalla «Karlsenhuset»

Den økonomisk situasjonen i kommunen er vanskeleg og det er no klart at det ikkje blir bygging i denne omgangen. Prosjektet er sett på vent og det er uklart når me kan gå vidare med planane.

Planlagde oppgraderingar i kyrkjene:

#### **Brynekyrkja:**

Me installerer vifter i taket for å få sendt all varmlufta som hamnar her oppe ned igjen i kyrjerommet. I dag kan det vere åtte-ti grader forskjell mellom golv og tak. Med dei nye viftene reknar me med at denne forskjellen er redusert til mindre enn ein grad. Då vil det bli lettare og halde jamn temperatur i kyrkja, og lettare å halde varmen oppe på kalde dagar. Me håpar å få dette på plass no i haust.

#### **Timekyrkja:**

Ny løpar i midtgangen og i alterringen. Denne er slitt og treng utskifting. Biskopen har godkjent fargeval og det blir ein løpar som er nokså lik den me har i dag. Me vil også bytte ut ringmekanismen i Time då denne er gammal og står i fare for å bli ustabil.



#### **Undheimkyrkja:**

Ho vart måla sist sommar og framstår finare enn på lenge. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Fellesrådet og kyrkjestyret på Undheim og deling av kostnader. Me planlegg full måling at Timekyrkja i 2026.

Det går mot jul. Kyrkja føreburer seg til skulegudstenester og julevandringar. Det er gildt når

både skulane og barnhagane kjem innom kyrkja i førjulstida og blir minna om kvifor me feirar jul.

Det er også dette året eit godt utval av konserter inn mot jul. Noko for ein kvar smak. Følg med på nettsidene til kyrkjene for meir informasjon.

God haust og førjulstid!

## Det lyser i stille grender

T Jakob Sande 1931  
M Lars Søraas d.y. 1944

Det lyser i stille grender  
av tindrande ljós i kveld,  
og tusende barnehender  
mot himmelen ljosa held.

Og glade med song dei helsar  
sin broder i himmelhall,  
som kom og vart heimsens  
frelsar som barn i ein vesal  
stall.

Der låg han med høy til pute,  
og gret på si ringe seng,  
men englane song der ute  
på Betlehems aude eng.

Der song dei for fyrste gongen  
ved natt over Davids by,  
den evige himmelsongen  
som alltid er ung og ny.

Den songen som etter tonar  
med jubel kvar julenatt  
om barnet, Guds Son, vår  
sonar, som døden for evig batt.



## Min salme

Som voksen har eg prøvd å finne tilbake til julestemninga frå 1987. Då var Sissel Kyrkjebø aktuell med sitt andre album, Glade jul, ei perle som segla til topps på salslistene. Eg var fem år og tenkte mest på gåvene. Snøen knasa under svarte lakkasko, på veg opp bakken bak huset etter julegudstenesta. Det var så stille, og over oss tusen små lys. Eg tenkte at den eine kanskje var Betlehemsstjerna. På trappa utanfor hadde mamma, tradisjonen tru, tent ein fakkel. I vindfanget lukta det pinnekjøtt, og Sissel hadde kome til spor fem, Det lyser i stille grender. Varsamt løfta pappa stiften frå platespelaren for å skru på radioen, der kyrkjeklokker over heile landet ringde jula inn. Moltene frå den hemmelege myra pappa fann i haust, hadde mamma raust vendt inn i kremen. Det var nesten meir molter enn krem. Julaftan hadde sin eigen liturgi, «same procedure as every year». Den sitrande spenninga, Donald og

venene hans, diskutere kven som vaska opp i fjar og måtte sleppe i år. Ventinga kjendest uendeleg. Vi kom liksom aldri til poenget, mysteria under treet. Eit år var det så fullt at vi ikkje rakk rundt. Amandus dokkemanns lange heimestrikka armar måtte bidra.

Vi frå gamle Sogn og Fjordane er stolte av at det er sunnfjordingen Jakob Sande som har skrive den finaste julesongen, men i 1987 likte eg han fordi han ikkje varte så lenge. Han kjem raskt til poenget, men utan å haste. Han tek seg tid til små, men slåande detaljar. Han hadde «høy til pute», og sjølvsagt gret han, han var ein nyfødd baby, men også Guds son. Eg kunne teke han opp, rugga han. Så audmjukt og skjørt kom han inn i mi sfære, trengde seg ikkje på.

Det femte verset, det Sande likte minst, er det eg likar best. «Om barnet Guds son, vår sonar som

døden for evig batt,» seier alt, når alt kjem til alt. Eit kort resymé av det eg trur på. I 1987 var julestemninga knytt til alle gåvene vi ikkje kunne famne, men den rausheita foreldra mine viste på julekvelden, vart også eit symbol på Guds rausheit. Den spør ikkje etter snille barn, men gir og gir, og vi rekk ikkje rundt den, heller ikkje ved hjelp av Amandus dokkemann.



Helene Reite Uglem.  
Foto: Maria Indrøy Risanger

# Nadine Vaagen – ny prest på Undheim

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Nadine er:  
oppvaksen i Wermelskirchen,  
ein småby nær Køln i  
Tyskland  
48 år  
gift, 2 born  
bur på Sandnes

**H**elgedagen fekk eit triveleg møte med ny-presten på kontoret hennar på Bryne. Der er ho fast to dagar (tysdag og torsdag) i veka. Stillinga hennar er 50 prosent prest på Undheim, og resten som prostiprest, for tida i Gjesdal.

## Barndom/oppvekst

Nadine fortel at ho og systera vaks opp i ein kristen heim, og i same huset som besteforeldra. Dét gjorde at det alltid var nokon heime i andre etasje - og som hadde tid for henne då ho kom frå skulen. Trygt og godt! Besteforeldra var òg gode forbilde for henne med si trygge gudstru. Det såg så naturleg og fint ut med andaktsstundene deira.

## Utdanning - og vege vidare

Nadine begynte på lærarutdanning, med faga kristendom og tysk. Navigatørane, ein internasjonal tverrkjerkjeleg organisasjon, betydde mykje for trua hennar. Ho opplevde glede ved å få formidla tru, men tanken på å bli prest var ikkje der då. Prestar var jo berre gamle menn på denne tida! Men ho hadde lyst å læra meir om religion og språk. Ho fekk vera aktivt med på gudstenester, lesa tekstar og vera med på å dela ut nattverd. Og



Nadine Vaagen i Undheimskyrkja.

det gav smak på meir: Tenk om eg kunne forretta heile gudstenesta!

Så vart Nadine utvekslingsstudent i Noreg, og då såg ho at det var prestemangel her i landet... Ho tok resten av utdanninga si på Menighetsfakultetet, men lurt framleis på om ho passa til prest. Ho fekk kyrkjelyds-praksis i Vestfold – og då var det ikkje lengre nokon tvil: Dette kallar Gud meg til! Ho vart ordinert i Skien kyrkje, der ho byrja som kapellan. Etter tre år var det tilbake til Vestfold der

Nadine jobba som som kyrkjelydsplantar i ein "gym-sal-kyrkjelyd".

## Familie

Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon vart ho kjend med Sveinung - som seinare skulle bli mannen hennar. Sidan han var oppvaksen på Ålgård og dei ville vera nærmare familien, vart det naturleg å søkja seg vestover.

Borna, Josefine ni år og Sakarias sju, er viktige å ha tid for. Familien likar å gå på tur – og sykla.



Nadine er Peter i gul oljehyre – med stor fiskefangst og ivrige born.

Dei skal snart prøva seg på den nye sykkelstigen frå Sandnes til Stavanger! Sidan Josefíne begynte å ri, fekk Nadine òg lyst å læra, så nå får ho og dottera kvalitetstid saman på hesteryggen!

#### Fritid

Ho likar å sitja i godstolen med ein kopp kaffi, ein sjokoladebit, ei god bok eller strikketøyet. Akkurat nå held ho på med ei kufte til beltestakken sin. Kufta skal nok verta ferdig til 17. mai. Nadine er glad i retreatrørsla. Ho dreg til Utstein pilegrimsgard ein gong i månaden, for ein halv, stille dag. I tillegg blir det nokre venninneturar til Bergen og Oslo med teater- og konsertbesøk i løpet av året.

#### Kva med Undheim? Kva tankar og ønskje har du?

Eg har treft mange flotte folk på Undheim og gler meg til å bli betre kjent! Eg håpar me i lag kan byggja gode fellesskap der born og vaksne kan føla seg sett, der me kan utforska trua i lag og bli (endå betre) kjende med Jesus.



Biskopen surfar - Nadine rir! Foto: Privat

# KVARDAGSMØTE MED ANDOR SANDSMARK

Helgedagen hadde avtalt å møta Andor Sandmark på NMS sin Gjenbruksbutikk på Bryne der han stort sett er innom kvar føremiddag. «Å ja, Andor er på plass. Du finn han inne i «Hola» si. Berre gå gjennom butikken og sjå etter ei dør på høgre side, der sit han», var beskjeden eg fekk då eg besøkte butikken her om dagen.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Inne i «Hola» si sat Andor, på ein gamal, slitt kontorstol, i eit pittelte rom på eit par kvadratmeter. Rundt på veggene hang det verktøy av ulikt slag, leidningar, ting og tang som skulle reparerast før det kunne seljast. I skuffer og skap var det spiker og skruar, limtubar og pussepapir, ja alt som ein kan tenkja å kunna få bruk for når ein skal skeina opp eller reparera gamle ting. På den eine veggen hang to veggur.

«Den eine fekk eg ordna, men no har ho faktisk stoppa att. Kanskje treng ho å verta reinsa skikkeleg», kom det frå Andor då eg oppdaga klokkene som hang der!

Ingen vindauge var det i rommet, og Andor var godt kledd, for varmt var det ikkje! Her sat altså han eg ville ha tak i: 90 åringen Andor Sandmark.

## Kor er du fødd Andor og kor vaks du opp?

Eg er fødd og hadde mine første barneår i Førde i Sveio. Seinare, då eg var sju år, flytta foreldra mine til Tysnes i 1941, og der hadde eg gode år og ein god og trygg oppvekst. Etter eit år på yrkesskulen i Rubbestadneset på Bømlo, reiste eg på sjøen! Det heitte seg på den tida at du vart ikkje vaksen før du hadde vore på sjøen, helst i utanrikssfart!



Andor i hola si. Foto: Arnfinn Vigrestad

## Men du vart ikkje verande på sjøen?

Nei, etter eit år på ein oljetankar, mönstra eg av, søkte og kom inn på Luftforsvarets tekniske fagskule på Kjевik. Det var der eg trefte Solveig som seinare skulle verta kona mi. Me har vore kjærastar i 70

år no, slett ikkje verst! Me gifta oss i 1958 og fekk etterkvart 3 born.

## Etter fagskulen hadde du ulike jobbar, men koss kom du deg etterkvart inn i undervisningsektoren?

Eg hadde eit ønskje, kall det gerne

ein draum, om å stå bak kateteret ein dag, men det var ikkje så lett når ein ikkje hadde pedagogisk utdanning. Men i 1962 fekk eg jobb på Tonstad – på den toårige framhaldsskulen der. Eg skulle undervisa i motorlaere, men det vart etterkvar fleire fag! I tillegg byrja eg å ta etterutdanning i pedagogikk slik at eg kunne få fast stilling i skuleverket. Så då Bryne yrkesskule skulle tilsette lærarar i 1965, sende eg av garde ein søknad og fekk jobben. Den hadde eg heilt til eg pensjonerte meg som 66 åring! Me bygde oss hus på Bryne, slo oss til ro her og har hatt gode år på Jæren!

#### **Det er ikkje alle som kjenner til idrettskarriera di, Andor?**

Nei, kanskje ikkje?

Eg har alltid vore liten og lett, og gjekk når eg var ni månader gammal! Det skulle jo lova godt...! Men i min barndom og ungdom kom eg aldri borti noko organisert trening – det var lite eller ingenting av det i Sunnhordland på 40- og 50-talet. Det var først då eg kom til Tonstad, at eg kom inn i eit idrettsmiljø med trening og konkurransar. Første løpet eg var med på, var Mosvannsløpet i 1963. Seinare stilte eg opp 30 gonger i Stavanger. Hadde fått litt «blod på tann». Det var kjekt, trente kvar laurdag i Njåskogen og var medlem i Bryne Friidrettsklubb i mange år. Stilte opp i ulike løp og stafettar

Som 60-åring fekk eg spørsmål om eg ville meldt meg inn i Skjalg. Dei trong ein ny mann på stafettlaget sitt. Det var jo smigrande, og det gav gullmedaljar etterkvart. I 1996 vann eg 1500m i NM for veteranar. Seinare har eg vore på pallen over 50 gonger (400, 800, 1500 meter og stafett) i NM der over halvparten har vore gullmedaljar. Eg fekk og med meg tre gullmedaljar i det nordisk meisterskapet for veteranar

Men no har eg tenkt at det får vera slutt med å delta i stemne. Men



NM for veteranar 2024. Foto: Privat

trimma må eg halda fram med, kroppen treng å vera i aktivitet!

I tillegg til alt dette, har Andor i alle år teke del i foreningslivet. Han var aktiv i den kommunale friluftsnemnda, spesielt hugsa han arbeidet i Njåskogen med opparbeiding av trim/turløypa der! Han har vore med i NMS si mannsforening, i planlegging og bygging av Brynekyrkja og arbeidet i Gjenbruksbutikken som no har vore i drift i 15 år her på Bryne!

Plutseleg bankar det på døra, eit

hovud stikk inn med spørsmålet: »Andor, eg skulle hatt ein krok, eit bilete skulle vore hengt opp!»

Andor finn fram ein plastboks han har ståande på ei hylle, og dreg opp ein krok. «Nei, han må vera større», kom det frå personen i dørinninga. Tilbake til boksen og der kom det fram ein betydeleg større krok som vart avlevert til stor begeistring for gjesten i døra!

Tenk å ha ein så livsfrisk og spenstig 90-åring som medarbeidar i Gjenbruksbutikken, ressurssterk og alltid på tilbodsida! Heldige dei!

# Advent og jul er eit rom i livet

Eg har ofte tenkt at årstider og høgtider er rom me går inn i. Når det gjeld jul og advent gjer me dette meir bokstaveleg enn i dei fleste andre høgtidene. Eg kjenner nesten ingen som ikkje har ein kasse med julepynt i kjellaren, på loftet eller i eit kott. Dette tek me fram når me meiner at tida for det er inne, og skapar pynta rom me kjenner oss att i.

HEIDI STRAND HARBOE

**I** gode augneblikk kan dette fylla oss med denne mystiske kjensla me kallar julestemning.

Dei fleste av oss har feira jul ein gong i året heile livet vårt, og har mange kjensler som dukkar opp når julepynten kjem fram, i butikkane skjer dette omtrent i midten av oktober... Desse kjenslene kan vera både gode og vanskelege, dei fleste av oss har nok erfart begge deler, og dei fleste av oss har nok ein draum om at denne jula skal bli god for oss og våre nærmaste.

Det kan kjennast vanskeleg å navigera oss gjennom vekene før jul og halde tunga rett i munnen medan me blir fortalte om alt me bør brukta tid og pengar på for at dette skal gå bra. Ofte kjem det opplysningar mot slutten av adventstida om at nordmenn har sett ny rekord i det å brukta pengar dei siste vekene før jul. Eg veit ikkje om folk synest det er noko å feira eller ikkje, men det søkk alltid litt i magen min når eg høyrer det. Det er for meg ei påminning om eit ikkje-berekraftig overforbruk, som eg veit eg sjølv er ein del av.

Det så mykje i denne festtida som det er verd å ta vare på. Det fint å tenna lys i mørke, og å henta fram den gamle fine forteljinga om Gud som vart menneske og kom til

oss i skapnad av eit forsvarslaust lite barn. Av og til lurer me på om det let seg gjera å skapa ei julefering der me ikkje kastar oss ut i økonomisk overforbruk og er så slitne når jula kjem at me nesten ikkje har meir krefter igjen.

Her kunne det vera freistande å koma med «grøne råd» for ei god juletid. Eg kan fortelja at det er lurt



å kjøpa julegåver på julemesser og gjenbruksbutikkar, at ein kan gi heimelaga ting og løfter om barnevakt, kakebakst ved behov, eller å gå for symbolske gaver som støtter veldedige formål. Eg veit også at det er ein fare for at det kan vera med på å heva godtfolk sine aksler endå eit hakk opp fordi nokon kjem og fortel om alt ein eigentleg burde gjera.

Det eg trur eg vil seia er: La oss vera rause, romslege og vennlege med kvarandre og vera klare over at me ber mange sine draumar i hendene våre. Korleis kan me som medmenneske, kyrkje og samfunn vera med på å gjera jula og adventstida til ei god, varm og vennleg tid for kvarandre midt i ei tid med mørke dagar, nordavind, regn og frustrasjon over ei verd som ikkje er heilt på hengslene? La oss be om sinnssro og klokskap nok til at me kan bera «lys i våre bebotte øyne» som Hans Børli så vakkert uttrykkjer det.

I ei gammal julesalme står det så vakkert skildra «For alle har samme hjertetrang til julens fred til julens fred...» Det er noko av det same eg prøver å finna ord for i «Jærsk julevise» når eg skriv «Me tenner lys og lykt og søker saman. Me dekkjer bord og håpet tek me med, om styrken om å vera hos kvarandre, og om vår gøynde draum om julefred.»

Eg har og lyst til å minna meg sjølv og andre om Garborg sine ord om pengar. «Skalet av alle ting kan ein få for pengar. Men ikkje kjernen, den er ikkje for pengar fal.»

Med dette vil eg ynskja alle ei god juletid. Ta godt vare på kvarandre.

# Ei trygg hamn



Takhmina og barna blei låste inne i kjellaren medan dei russiske okkupantane tok over huset. I ni månedar så dei (nesten) ikkje dagslys. No kan ho og Miran gå ut i bakgården til kyrkja og få ljós og tryggleik.

**UKRAINA:** På flyktningssenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.

## Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar smelte opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og

barna torde ikkje gå ut. Ei bøtte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellan nokre grønsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatn til familien nokre gonger i veka.

## Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.

– For første gong på veldig lenge sov vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog

i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.

Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnast den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølging og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvinga og større enn "her og no". Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnarar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid – trua på eit håp, og at alle menneske er like mykke verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd – kvar dag.

## Du kan gje gåva di slik:

Vipps eit valfritt beløp til 2426

Send **GAVE** på SMS til 2426 og gje 300 kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248



## Ei gryte som mettar og gler mange

Dei fleste av oss kjenner til Frelsesarmeens si julegryte, men ikkje alle kjenner gryta si historie. Tor Ove Ellingsen, Korpsleiar Bryne korps, fortel her korleis julegryte-tradisjonen starta.

TEKST: TOR OVE ELLINGSEN / REIDUN JANE HESKESTAD

### Oppstart ute i den store verden

Julegryta ble første gang satt opp i San Francisco i 1891. Snart ble det en tradisjon som spredte seg ut over hele Frelsesarmeverdenen. Det var kapteinene Ruth og Joe McFee som startet det hele. Joe hadde vært sjømann før han begynte i Frelsesarmeens, og i en havn hadde han sett at noen hadde stått med en gryte og samlet inn småpenger. Da han ble leder for Frelsesarmeens i San Francisco og fikk se nøden der og alle dem som ikke hadde anledning til å feire jul, begynte han å tenke på hvordan Frelsesarmeens kunne være med på å lage en verdig jul for de fattige der i byen. Det var da han husket på det han hadde sett som sjømann. Han stilte seg opp på terminalen nede ved havnen der han satte opp et skilt hvor det stod «Hold gryta kokende» Det året kunne Frelsesarmeens gi cirka 1.400 mennesker en jul de sent ville glemme.

### Norge kommer raskt på banen

I 1901- bare ti år senere kom denne tradisjonen til Norge. Det var Othilie Tonning som da var leder for Frelsesarmeens sosialarbeid blant kvinner, som startet arbeidet. Målet var da å kunne samle inn nok

penger til å gi 400 familier en sorgfri jul. Det kom inn nok penger til å gi 420 familier mat og kull til julen. I Norge er det nå cirka 250 gryter ute før jul. Frelsesarmeens har i dag arbeid i 134 land og de fleste land har julegryter i adventstida.

### Frelesarmeens på Bryne ville være med

Frelesarmeens på Bryne ble startet 3. oktober i 1908. Vet ikke helt når man startet med julegryta, men tenker at det kanskje var samme året eller året etter. Vi har i dag gryter på Jærhagen, M44, Amfi Nærø og på Varhaug. I 2023 kom det inn ca 700.000 kr i julegrytene våre her lokalt. I tillegg fikk vi inn mange julegaver som foreldre kunne gi til sine barn.

I fjor kom det inn cirka 69,5 millioner i julegryta på landsbasis.

### Hvordan brukes pengene?

Pengene som kommer inn i våre julegryter på Jæren, blir brukt til vårt sosiale arbeid lokalt gjennom hele året. Vi har åpen kafé, Kafé William, hver torsdag hvor det serveres middag. Kafé William er for



Tor Ove  
Ellingsen.  
Foto: Privat

vanskeligstilte og for mennesker som sliter med rus og psykisk sykdom. Annenhver torsdag har vi matutdeling til de som trenger det. Hver onsdag har vi også åpen kafe i kjelleren hvor vi serverer vafler og kaffe. Hvor den gode praten rundt bordet er viktig. Dette er et tilbud til alle.

Vi har også en sykkelgruppe, Pedalkraft, som er et ettervernstilbud. Litt av pengene går til denne driften. Til jul er det mange som trenger litt ekstra både av mat og gaver. Pengene fra julegryta gjør at vi kan hjelpe de som trenger litt ekstra. Til dette er det som kommer inn i julegryta viktig. Litt går også til lønn og lokaliteter. Vi bruker også litt til forebyggende arbeid blant barn og unge.

#### Hvem står ved gryta?

For å stå ved julegryta trenger man ikke å tilhøre Frelsesarmeens, så har du har lyst til å hjelpe oss med å hjelpe, kan du stå ved gryta. Det er bare å ta kontakt med Frelsesarmeens!

Jeg personlig står gjerne grytevakt, det er noe jeg liker. Det har jeg gjort i 20-30 år. Det er flott å komme i prat med mennesker, både om vær og vind og om mer personlige og åndelige ting. Noe av det flotteste jeg gjør ved gryta er å få lov til å løfte noen små barn slik at de kan legge pengene ned i gryta, det er rørende. Det er viktig at de unge blir lært opp til å være med på å gi noe til andre, ikke beholde alt selv. Det viktigste med julegryta er å få anledning til å hjelpe andre mennesker, ikke bare til jul, men gjennom hele året.

Takk til Frelsesarmeens på Bryne for viktig arbeid i lokalmiljøet! Helgedagen utfordrar oss alle til å støtta opp om Julegryta 2024!

## Fest i Guds Hus

*Ennå er det advent. Ennå er vi her  
Ennå må vi vente. Frelseren er nær  
Ennå lyser stjerner for vår vesle jord  
Ennå flammer håpet dypt i den som tror.*



TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Denne bodskapen vert hovudtemaet i gudsstenesta søndag 15. desember i Brynekyrkja. Då skal blandakoret Jærklang, saman med ei korgruppe av born, organist Per Olav Egeland, songsolistar og dansarar, framföra adventsmessa Fest i Guds hus. Dette er sjette gongen denne messa vert framfört her i kyrkjene våre i Time, første gong i 2007. Eyvind Skeie har skrive teksten og musikken er laga av Geir Knutson.

I føreordet skriv Eyvind Skeie at advent og jul er den delen av den kristne årstradisjonen som framleis har kraft og innverknad på folket vårt, men at det er klare tendensar til at denne høgtida vert svekka. Julefeiringa kan ofte skygga for adventsmotiva, slik at førebuingstida kan vera borte. I denne messa er det difor adventtradisjonane som vert vektlagde. Gudstenesta er bygt opp rundt viktige symbol og adventstekstar.

*Ennå har vi timer. Ennå kan vi be.  
Vær vårt lys, å Jesus! La det gode skje.  
Du som er vår Frelsar, du, Guds Sønn, vår bror,  
hjelp ditt folk i verden og velsign vår jord!*

I ei tid med mest negative og vonde nyhende som når oss, treng vi å høyra bodskapen i Adventsmessa – og ta del i bøna at Frelsaren skal signa jorda vår!

Velkommen til Brynekyrkja denne søndag føremiddag og få med deg adventsbodskapen i ord og tonar!

# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSSEN

## BABYSONG 0-1 ÅR

Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong onsdagar i partalsveker i Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus og onsdagar i oddetalsveker i Undheim kyrkje kl. 10.30 - 12.00. De vel sjølve kvar de vil melde dykk på.

Oppstart våren 2025:

Bryne/Lye 22. januar  
og Undheim 29.  
januar. Me følgjer  
skuleruta.

Påmelding på kyrkja  
si heimeside eller via  
QR-kode:



## SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Etter samlinga vert det servert kveldsmat til store og små. Det er ca. 1 samling i månaden. Dataar kjem.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## GRUPPENE VÅRE ER MELDE INN I SØNDAGSSKOLEN-NORGE

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte basert på antal betalande medlemmer i kvar gruppe. Slik bidrar kontingensten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskulen. Barna kan vera

 **Søndagsskolen**  
- mer enn du tror

medlemmar i fleire grupper i søndagsskulen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe

## TÅRNAGENTHELG

Alle 3. klassingar på Bryne og i Time er velkomne til Tårnagenthelg. Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande! God mat må òg til for gode agentar. Alle agentane får boka «Skattar frå Bibelen» og eit siste oppdrag med seg heim. Dato for tårnagenthelg er: Bryne 31. januar og 2. februar, Undheim kyrkje 1. og 2. februar og i Time kyrkje 8. og 9. mars.

Bruk Qr-koden for å melda deg på. Du finn meir informasjon på kyrkja si nettside: timekyrkjene.no



## Hovudmål for kyrkjelig undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



## Får du ikkje invitasjon i posten? Bli abonnent!

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på [www.kirken.no/minside](http://www.kirken.no/minside) og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
1 år	Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
2 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
3 år	Krøllekveld
4 år	4 års klubb og utdeling av Barnebibel
5 år	Kor kick-off. Felles i Bryne kyrkje
5 år	Adventsklubb

Barnefamiliar  
Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse - Det store påskemysteriet
2. klasse - Superheltsamling
2. klasse - Plan B – aktivitetsdag, felles i Undheim kyrkje
3. klasse - Tårnagenthelg
4. klasse - På sporet av Jesus
5. klasse - Tweens-Kick-off
6. klasse - Lys vaken i lag, felles i Bryne kyrkje
- 9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse - Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekirkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



Helsing frå kyrkjelydspedagogane  
Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Bibeldagsprosjektet 2025

## Biblar til ungdommane på Cuba

I takksemd over at vi har rik tilgang på Bibelen hos oss, gjev vi kvart år bibelgåva vår til eit land der Bibelen ikkje på langt nær er like lett å få tak i. I samband med Bibeldagen / såmannssundagen 16. februar vert vi utfordra til å gje ei gåve til bibelarbeidet på Cuba. Der går det no føre seg ei ungdomsvekking. Vi ser fruktene av at biblar har blitt delte ut dei siste åra, og nye kyrkjelydar vert danna i høgt tempo. Barn og unge finn trua på Jesus i fellesskapet, men òg hjelp og trøyst til å takla ein tøff

kvardag. Samstundes med at fleire kjem til tru, aukar behovet for biblar.

På [bibel.no/bibeldagen](http://bibel.no/bibeldagen) finn du oppdatert informasjon frå Bibelselskapet.

Du kan gje gåva på følgjande måtar:

**VIPPS:** 94418. Skriv «Cuba», namnet ditt og adressa di i meldingsfeltet.

**Gåvekonto:** 3030.16.16869. Merk gåva «Cuba»

**Online:** [bibel.profundo.no/cuba](http://bibel.profundo.no/cuba)



## Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no).



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

## Helgedagen vil takka Anne Berit og Tom for interessant gjennomgang av gatenamn på Bryne.

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

# Arne Garborgs veg

Serien om gatenamna på Bryne vert avslutta med sjølvaste Arne Garborg.

Ein skulle tru det var unødvendig å presentera Arne Garborg (1951-1924), den store diktaren frå Time, som skreiv «Haugtussa», «Fred», «Bondestudentar», «Læraren», «Gud signe Noregs land» og ei rekke andre kjende verk. Me har høyrt om «det myrkaste i livssogo» hans, sjølvmordet til faren Eivind. Og me veit at han var ein framståande forkjempar for nynorsken.

Men Garborg hadde andre sider som kanskje ikkje er like kjende for jærbuen. Den unge Garborg utstråla ein intens energi som nok nok ikkje var like synleg då han i eldre år vende tilbake til diktarstova i Knudaheio kvar sommar. Då han var 21 år, hadde han alt grunnlagt to aviser, «Lærer-Standens Avis» og «Tvedestrandsposten». Den siste kjem ut ennå. Seinare etablerte han seg som ein skarp samfunnsdebattant både i blada han sjølv redigerte, «Fedraheimen» og «Den 17de Mai», og i dei store hovudstadsavisene.

Arne Garborg var omstridd, men respektert. Då han døydde, rydda aviser over heile landet førstesidene for nekrologar.

I Time står Garborgheimen og Knudaheio att som minne om diktaren, saman med det moderne Garborgsenteret. Og i tillegg til gata med namnet hans, innfallsporten til sentrum frå aust, har me både Haugtussavegen og Veslemøyvegen på Bryne.

Statuen av Arne Garborg på torget er laga av Fritz Røed, og vart reist til 150-årsjubileet i 2001.  
(Foto: Tom Hetland)



Arne Garborgs veg

# Eit ramaskrik

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Det hender ordet «ramaskrik» dukkar opp. Eg høyrde det sist på radioen i samband med statsbudsjettet. Me nyttar det mest om ein intens og høgrøysta protest eller klage, at nokon seier ifrå uvanleg tydeleg. Helst handlar det om klage eller protest frå mange. Men det finst òg ein skrekkfilmfestival kalla Ramaskrik.

Rama er eit bynamn, og fleire byar i Kanaan hadde dette namnet.

Me ser det nemnd hos profeten Jeremia. «I Rama høyrest skrik, gråt og høglydt klage: Rakel grael over borna sine og vil ikkje la seg trøysta. For dei er ikkje meir.» (Jer. 31.15). Bakgrunnen her er sorg og klage etter at mange israelittar vart bortførte til Babylon.

No rundt jul les me om Rama i fortellinga om då Jesus vart fødd. Me hugsar jo at vismennene frå Austen drog til Herodes for å få høyra kor barnet var som skulle verta konge. Herodes styrde då landet. Han drap alle som kunne utfordra makta hans, og folk både utanfor og i hans eigen familie vart drepne. No vart han nok ein gong redd for å mista makta, og gav ordre om at alle gutebarn under 2 år i Betlehem og områda rundt skulle drepast. Mange gutebarn vart

drepne, og folk klaga og sorgde. Når Matteus i kapittel 2 fortel om dette, siterer han teksten hos Jeremia me nett las, og ser han som ein profeti om det som skjedde etter at Jesus vart fødd. Josef og Maria tok med Jesus og flykta til Egypt, slik redda Jesus livet.



Foto: Torstein Kiserud

## Helgedagen – ditt mest lokale tidsskrift

### Etterlysing

#### **Helgedagen treng annonsørar for framleis å kunne dele ut bladet gratis til folk i Time**

- Har du eit firma?
- Kjenner du nokon som har eit firma om kunne ha nytte og glede av å ha annonse i Helgedagen?

#### Kvifor

Med opplag på over 6000, når me i overkant av 90 prosent av husstandane i Time kommune

#### **Me har to typer avtalar.**

- Årleg avtale - må fornyast kvart år.
- Løpende avtale - går kontinuerleg, men kan seiast opp før kvart årsskifte.

Ta kontakt med kyrkjeverje Jostein Tollaksen tlf 909 88 880 eller post@timekyrkja.no

På førehand takk



# Julegåve aksjonen

Julen kan for mange familier være en vanskelig tid. I mange år har derfor flere menigheter samarbeidet om å samle inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og delt ut til mennesker i en vanskelig økonomisk situasjon, først og fremst til barnefamilier.

Vil du bidra til å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabolaget?  
Gi en god gave til aksjonen! Tusen takk for din gave!

**Bruk vippesnummer 103540  
eller konto 3290.07.79088, merk med Julegaveaksjonen**

(Skulle det komme inn mer penger enn det er behov for til jul, vil pengene bli brukt til andre formål til samme gruppe, f.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.)

## Open-kyrkje-kafé

Stad og tidspunkt: Kyrkjestova i Bryne kyrkje kl. 18:00-20:00

Open-jule-kafé: Måndag 16. desember blir jula markert på Open-kyrkje-kafé:  
Det blir riskrem, julekaker og enkel underhaldning.  
Pluss sjølv sagt god tid til drøs. Velkommen.

Våren 2025: Alltid første måndag i månaden:

Datoar:  
**6. januar**  
**3. februar**  
**3. mars**  
**7. april**  
**5. mai**  
**2. juni**

Kyrkjestova i kjellaren i Brynekirka er open, og me inviterer med dette til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og noko enkelt å eta. Kom gjerne innom dersom du synest dette høyrest gildt ut, og ta gjerne med deg fleire. Kanskje treff du nokon nye folk?

Arrangør: Diakoniutvalet i Brynekirka



Open-kyrkje-kaféen i kjellaren er samtidig med at det er Open kyrkje i kyrkjesalen, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.

**VELKOMMEN**

Vi ønskjer å invitere deg til:

# Vi syng til jul

Tysdag 10. desember  
kl. 17:00 i Bryne kyrkje

Velkommen til songkveld med:

- To songavdelinger
- Gamle og nye julesongar
- Songgruppa Shalom
- Matservering
- Juleevangeliet lese av Anne Grete Hognestad



Midt i den julepynta Brynebyen,  
inviterer kyrkja til glede over det  
sentrale i advents - og juletida:  
Jesu fødsel i Betlehem.



# Alle er velkomne

Arr: Bryne diakoniutval



## Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2025

### Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkestova  
Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

### Datoar for våren, merk dei av på kalenderen din:

Sundag	19. januar	kl.18.00
Sundag	16. februar	kl.18.00
Sundag	16. mars	kl.18.00
Sundag	13. april	kl.18:00

**Torsdag 15.mai blir det grillfest!** Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

**Ser deg i kyrkja!** ☺

Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes



**Nysgjerrig  
på tro?**



**Damer i Byen  
Jæren  
inviterer til  
STORSAMLING på  
Storstova, Bryne**



**Vi er til for alle  
jenter i alle  
generasjoner,  
med og uten tro.**



**Lytt til sofaprat,  
appell og live-  
musikk. Vi har mye å  
by på!**



**Ui samles til  
tanker om hva  
det vil si å ha et  
trosliv.**



**Våren:  
29. Januar  
26. Mars  
21. Mai**

**KL 19.30  
(Dørene åpner kl. 18.30)**



**Mer info:  
Facebook  
Instagram  
TIKTOK**



**Vil du ha Misjonstidende (MT)  
gratis i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

# Me ønskjer å invitere deg til: Kyrkjemiddag/Tacofredag 6. desember 2024 kl. 17.00

- Taco for heile familien.
- Samling og aktivitetar for barna.
- Kaffipause og drøs for dei vaksne.
- Tilrettelagt for barnefamiliar, men alle er velkomne.
- Veldig kjekt om akkurat DU kjem!



## Påmelding:

Hugs påmelding via linken under:  
<https://event.checkin.no/88578/tacofredag-kyrkjemiddag-bryne-kirke>  
 Eller bruk QR-koden:



# Velkommen

## Medlem i «Kyrkjemiddag»?

- Me ønskjer at både middag og aktivitetar kan vere gratis for alle som kjem.
- Me håpar at du vil melde barna inn som medlem med ein årleg medlemskontingent på kr 50 pr. barn. Bruk [Vippsnr. 525934](#) (Merk med fullt namn, fødselsår og adresse til barnet).
- Kyrkjemiddag er innmeldt som lokallag i NMSU, derfor mottar me på bakgrunn av medlemsmassen statsstøtte (Frifond) i form av øyremerka midlar til kyrkjemiddag.



**BLIFADDER!**  
[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)  
 ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen

**Vil du gi en gave til Normisjon?**

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)

## MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter  
 Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet  
 og Meierigata



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter  
 Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken  
 og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
 pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

#### Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

#### Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".  
 Vi har sluttat med møbler.

Telefon 922 09 638

#### Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Me ønskjer å invitere deg til:

## Torsdagstreff

Kl: 14:30-16:30. Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60. Sjå baksida for meir info.

### Velkommen til Torsdagstreff

#### Dataar for våren 2025:

- |                    |  |
|--------------------|--|
| <b>16. januar</b>  | Frimenn<br>Matservering, songstund og andakt   |
| <b>20. februar</b> | Augelege Lars Karl Hult fortel om arbeidet på Mercy Ships<br>Matservering, songstund og andakt                 |
| <b>20. mars</b>    | Anestesilege Svein Arne Hapnes fortel om arbeidet på redningshelikopteret<br>Matservering, songstund og andakt |
| <b>24. april</b>   | Gaute Rasmussen har misjonskåseri frå Bangladesh<br>Matservering, songstund og andakt                          |
| <b>22. mai</b>     | Tur til Sjernarøy  |

### Alle velkomne



**Helsing frå  
«Torsdagstreff-komitéen»,**  
Brit og Jonas Frøyland, Jan Helge Stensland  
Gro Tengesdal, Elisabeth Vold,  
Rebekka og Arnfinn Vigrestad

## Heilag Tre Kongars Fest

**Saron Bryne. 5. januar 2025. Klokka 19.00**

Arild M. Bakke frå NMS med misjonsnytt og fokus på:  
Mangarano – framtidig nytt

Psykososialt helsesenter på Madagaskar

Landy R. Bakke deltek med song og andakt.

Servering og offer til Mangarano

ALLE på Jæren: VEL MØTT!



## Adventsmessa Fest i Guds hus

Tekst: Eyvind Skeie Musikk: Geir Knutson

- Barnekor
- Songsolistar
- Dansarar
- Jærklang
- Orgel
- Musikarar



**Bryne kyrkje sundag 15.des. kl 11.00  
Velkommen!**



## Nå er det jul!

Blandakoret Vivace, har arrangert julekonsert i cirka 20 år i Bryne kirke. Konserthen har således blitt en tradisjon, og hører til korets høydepunkter, noe vi ser fram til med spenning og glede.

## Open kyrkje

Våren 2025: Alltid første måndag i månaden:

Datoar:

- 6. januar
- 3. februar
- 3. mars
- 7. april
- 5. mai
- 2. juni



Open kyrkje er samtidig med at det er Open-kyrkje-kafé er i kjellaren, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.

Sett av søndag 22. desember til julekonsert. NB ! Konserthen starter i år kl. 18:00

Medvirkende:

Dirigent: Pål Espen Nielsen  
Pianist: Jon Are Skansen  
Organist: Per Olav Egeland

Inngang: Kr. 250,-  
(Kontant / Vipps / kort)  
Billettsalg på nett.  
Hjertelig velkommen.

## Drop-in vigsel i Time kyrkje 14.2.2025

# Har de tankar om å gifta dykk? Kan DROP-IN vigsel vera eit alternativ?

Dette er bryllupssemonien for dykk som ønskjer noko heilt enkelt, men samtidig høgtideleg og personleg.

Drop-in-bryllaup er ein heilt enkel vigselsseremoni i kyrkja.

Å bli vigd i eit drop-in-bryllaup er heilt enkelt, men like stort som å bli vigd i eit vanleg bryllaup i kyrkja.


Når ei kyrkje inviterer til drop-in-bryllaup trengs ikkje påmelding, men påmelding kan vera praktisk, då kyrkjekontoret då kan gjera klar papirarbeidet.

Paret må sjølv ha med prøvingsattest og forlovarerklæring frå Skatteetatens nettsider.

Det er gratis å gifta seg i kyrkja der ein bur, dersom minst ein i paret er medlem i Den norske kyrkja. Sjå om du er medlem på Min side.

Sjå meir informasjon på [timekyrkjene.no](http://timekyrkjene.no)

Påmelding til dropin-vigsel: Time kyrkjelege fellesråd > Vigsel > Vigselpåmelding



## Fredagskveld på Kyrkjetorget Time kyrkje

24. januar kl. 19.30

### Kveldens gjester

Dei nye folka i Klokkarbustaden, Ingrid Fiskaa og Olav Martin Bråtvit

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som mé set på fellesbordet.  
Komiteen ordnar kaffi/te.



# TROENS MENN – UNG

**Sokneprest i Time inviterer til kurset**

## Troens menn - Ung

Kurset er for aldersgruppen 16–25 år og foregår som lørdagssamlinger på 1,5 time hjemme hos Yngvar Nilsen.

Det er til sammen sju samlinger fra januar til juni 2025, med oppstart 18. januar kl. 09.00.

Troens menn - Ung vil gi hjelp til å utruste unge menn til å møte utfordringer i hverdagen.

Kurset fullfinansieres av Time sokneråd med støtte fra K-stud.



Ta kontakt med soknepresten på e-post for påmelding eller mer informasjon  
[yngvar.nilsen@timekyrkja.no](mailto:yngvar.nilsen@timekyrkja.no)

# STRIKKECAFÉ

## På Lye forsamlingshus

Torsdagane  
 23. januar  
 20. februar  
 20. mars.

Klokkeslett 19.30 - 21.30



# Minnegudsteneste i Time kyrkje

**Sundag 12. januar 2025 kl 19.00**

## VELKOMMEN

Du som har mista ein av dine, i år 2024

Me skal minnast ved namn alle dei som har døydd frå oss i året som var, 2024.

Namna blir lesne opp, og det blir tend lys.

Gudsteneste ved prest Stein Ødegård og diakon Praxedes Slettebø.


Song av Shalom og munnspele ved Anne Kristine Røthing.

## VELKOMEN



## HelgeKryssord 5/24 LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Hjernetrim



### Vassrett

- Teikn frå engelen. (Luk. 2)
- Bodskapen om Kristi fødsel
- Gudsjellet 2.Mos 3
- Feilaktig
- Gjere haldbar
- Krepsdyret
- Ilåt
- Kava
- Jesu stammor
- Del av klokke
- Lærresvein
- Jordstykke
- Presposisjon
- Personen som laugar seg
- Styre
- Polane
- Elastisk masse
- Når høgt opp
- Antidiuretisk hormon
- Misjonær i Kamerun
- Røyk
- Tannfyllinger

### Utriveleg

- Gje bryst
- Språk brukt i Etiopia og Kenya
- Lufttomt rom

### Loddrett

- Avstandane frå botnen til overflata
- Verdsdel
- Plass
- Presse
- Symbol på Jesus
- Krøteret
- Fotsole
- Fortidsby i Assyria
- Tid då månen minkar
- Ø (omv.)
- Otte
- Grip
- Stat sør i Afrika
- Vesen
- Fundament
- Bronsevinnar
- Sa

H	O	V	M	O	D	→	F	Ø	R	E	R	→	E	I	T
E	→	V	I	N	N	→	Æ	R	E	T	T	→	T	R	O
K	O	R	N	S	A	K	R	I	S	T	I	→	P	O	D
U	B	U	N	D	E	N	Ø	R	T	E	M	→	P	O	L
J	E	T	E	A	G	Ø	Y	S	B	R	E	I	E	R	Ø
M	L	E	S	G	A	S	S	E	R	A	T	E	S	Ø	Y
D	I	M	T	A	L	E	K	L	U	T	K	R	A	V	S
U	S	A	U	N	A	N	E	T	T	H	I	N	N	E	A
A	K	K	N	E	G	G	E	A	A	A	M	A	T	P	O
↑	N	E	D	←	N	E	M	←	L	L	A	F	←	L	I
															↓

Løsing til Helgekryssord 4/24

- Fordelane
- Del av Bibelen
- Symbolsk figur
- Kort stund
- Profet i GT
- Levetid
- Luft-
- Ambolt
- Gje akt på
- Utvekslingstrinn
- "Veien til ...."
- Grønnsak (egentleg frukt)
- Gurp
- Miljøvennleg køyretøy
- Snill (omv)
- 999
- Jesu stamfar
- Elevorganisasjon
- Metallist
- Fottøy
- Dunge
- Retning
- Petroleums-selskap
- Vent (imp.)
- Like vokalar
- Vice Versa
- Klokke



# Barnas



## Fargelegg!

Teikning:  
Chiara Bertelli



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?




Teikning: Chiara Bertelli

## Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Kva  
høne har  
ikkje fjør?  
Svar:  
Marihøna

Vits



## Labyrint

Kan du hjelpe Maria å  
finne vegen til Elisabet?



Sondagsskolen - mer enn du tror

# GRÅSPORVEN

Det var nok gråsporven han tenkte på, Arne Garborg, då han skreiv dei kjende versa. Songen om småsporven og Monsemann ser diverre ut til å bli gløymd no som vi sjeldan kjem saman for å syngja.

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Gråsporven finst i heile landet der det bur folk. Difor er dette ein fugl som dei aller fleste kjenner. Det er likevel mange som ikkje skil mellom gråsporv og slektingen pilfink. Dei er nokså like, men skil seg frå kvarandre ved at pilfinken har kvite kinn med ein tydeleg svart flekk.

Gråsporven et korn, frø og insekt. Om vinteren vitjar han gjerne fuglebrettet. Dette er ein produktiv fugl som ofte får fram 3 kull i løpet av sommarhalvåret.



Han er trufast mot maken sin og svært stadbunden. Oftast held han seg i same området heile livet, sommar som vinter - ein standfugl i ordets rette tyding. Reirplass finn han gjerne på tak under takstein eller andre stader der han kan finna eit holrom. Den måten me byggjer på no inneber i praksis at hustaka ikkje er tilgjengeleg for inntrengjarar. Dette kan vera ein av grunnane til at talet på gråsporv er i kraftig tilbakegong. I Artsdatabanken er gråsporven nå kategorisert som "Nær trua".

## Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne. Gruppene er livssynsopne.

### Grupper for voksne

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmaste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit@timekyrkja.no  
Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no  
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77



### Barnegruppe

Det finst òg gruppe for born mellom 4. – 7. klasse. Desse gruppene er spesielt tilrettelagde for born. For meir informasjon om desse gruppene, ta kontakt med diakon i Bryne på tlf. 911 63 039 eller marit@timekyrkja.no

<b>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</b> Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	 <p>Jaeren GulvAS Maler- og gulvarbeid <a href="http://www.jaerengulv.com">www.jaerengulv.com</a></p>	 <p>DEN NORSKE KYRKJA</p>
 <p><b>Bryne Rør</b></p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p><b>ek Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>Bogh Hafo</b> BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig</p>	 <p><b>Byggelaget</b></p>	 <p><b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA <a href="http://www.reimeas.no">www.reimeas.no</a> - Tlf: 51 73 14 22</p>
 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur</p>  <p>Morenafaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:firmapost@el-team.net">firmapost@el-team.net</a> <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>	 <p><b>Renovasjons- service as</b> Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	 <p><b>haver__</b></p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetzlandsgr. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • <a href="mailto:jaeren@privatmegleren.no">jaeren@privatmegleren.no</a></p>	 <p><b>WACO</b> Forsikringsmegling as</p>	
 <p><b>REMA 1000</b> Håland</p>	 <p>Alt innen datahjelp -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a></p>	 <p><b>jæren</b> sparebank</p>

Illustrasjonsfoto



En jul å  
glede seg til




Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi din støtte til familier som har det vanskelig

Gi din gave på **vipps 936679**



**Blå Kors**



## DØYPTE

### BRYNE KIRKE

01.09.24	Didrik Fossfjell Finnesand Olve Madland
08.09.24	Liam Pihl Salte Marion Ravndal
29.09.24	Even Fatland Nesvik Iben Haaland Stornes
06.10.24	Filippa Skrettingland Johnsen Malin Sonja Dalbak Matilda Haugland

### TIME KIRKE

21.09.24	Jenny Furre-Hovland Otelia Strædet Ole Kristian Otto Kristoffer Brufladt Oftedal Kornelius Brufladt Oftedal Herman Njølstad Ueland Noel Meling Jørgine Skjærان Miriam Vestly Cornelia Gimre Corneliusen
22.09.24	Herman Ravndal Garborg Ingrid Rosseland Olea Nyborg-Vigane Leon Haugstad Grødem
28.09.24	Sofia Grødem Time
20.10.24	Eva Stene Kluge Sofia Iranowska Stene

### UNDHEIM KIRKE

01.09.24	Hermann Emil Erikstad Johansson Leah Jonassen Taksdal
29.09.24	Are Berge Igelkjøn
27.10.24	Gustav Kartevoll

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

29.09.24	Sondre Torsen Bottenvik Orre kyrkje
27.10.24	Ask Isachsen Andersen Klepp kyrkje

## VIGDE

### BRYNE KIRKE

14.09.24	Jeanette Elisa Koh Søvik-Skahjem og Jarle Skahjem
----------	---

### TIME KIRKE

24.08.24	Alice Husebø og Andreas Jacobsen Maren Eiken Ravndal og Tor Åge Slettedal Karlsen Aud-Tove Ødegård og Svein Kåre Ødegård Erlend Haugland og Ann Kristin Haave Amundfoss Lise Stina Nielsen og Asbjørn Grødeland Sigrid Mathilde Andersen og Trygve Birkeland Sindre Sørensen og Hanna Jess Tjøstheim
31.08.24	07.09.24
14.09.24	Jeanette Elisa Koh Søvik-Skahjem og Jarle Skahjem
21.09.24	Lene Strædet og Kent Søren Strædet
28.09.24	Bjørg Grødem Time og Audun Time
12.10.24	Malin Ims og Tarjei Storaas Johansen

### VIGSEL/ANDRE STADER

24.08.24	Kjartan Reime og Annette Aalmo Vigsel heime
----------	--

## GRAVLAGDE

### AUGUST

Inger Tveit Høyland Steinar Årsland
--

### SEPTEMBER

Reidar Haugland Jens Harry Laland Sigmund Landro Torleiv Grødem Gaute Tengsareid Helge Cato Rosseland Åse Storhaug Bolme Nils Tore Foss Petter Magnor Time Magne Bergjord Olaug Sundvor Thorstein Rønningen
--

### OKTOBER

Ranveig Undheim Geir Skrudland Olav Borlaug Finn Thu Tollef Martin Egeland Julianna Anna Kliment Oddvar Egeland Gudrun Wold Gerd Åslund
---





Velkommen til

**gudsteneste**

**Skyss til gudstenesta**  
**Bryne kyrkje:**  
**Jonas Frøyland**  
**mob.nr. 41300468**  
**Ring før kl 10.00**

Måndag 1. januar	Nyårsdag	Matt 18, 19-20
Time kyrkje	11:00 Høgtidsgudsteneste	
Søndag 5. januar	Kristi openberringsdag	Joh 12,42-47
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste	Dåp, nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med dåp og nattverd.	Dåp, nattverd, søndagsskule
Søndag 12. januar	2. søndag i openberringstida	Joh 1,29-34
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med dåp.	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp
Time kyrkje	19:00 Minnegudsteneste	
Søndag 19. januar	3. søndag i openberringstida	Joh 1,15-18
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, nattverd
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste	Dåp, nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Nattverd, søndags- skule
Søndag 26.januar	4. søndag i openberringstida	Luk 13,10-17
Bryne kyrkje	11:00 Familiefokus	Nattverd
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00 Kveldsgudsteneste	Nattverd
Søndag 2. februar	5. søndag i openberringstida	Joh 5,1-15
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste	Dåp, nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	
Søndag 9. februar	6. søndag i openberringstida	Mark 13,21-27
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp

## Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger.


Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i føret til dyra og føra til store lidingar og i verste fall avliving / død.

Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

*Gravplassforvaltinga i Time*

# Velkommen til kyrkje

Følg med på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no) eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



God jul

Søndag 8. desember	2. søndag i advent	Joh 16,21-24
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste for store og små	Nattverd, dåp
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med dåp.	Dåp, søndagsskule
Undheim kyrkje	14:00 Vi syng jula inn	
Søndag 15. desember	3. søndag i advent	Joh 5,31-36
Bryne kyrkje	11:00 Adventsmesse	Fest i Guds hus
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste med dåp	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	16:00 Me syng jula inn	
Bryne kyrkje	18:00 Søndagstreff	Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.
Søndag 22. desember		Matt 1,18-25
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med dåp og nattverd.	Dåp, nattverd, søndagsskule
Tirsdag 24.desember	Julaftan	Luk 2,1-20
Bryneheimen	10:00 Julegudsteneste Bryneheimen	
Sivdamheimen	11:00 Julegudsteneste Sivdamheimen	
Bryne kyrkje	13:30 Julaftangudsteneste	
Time kyrkje	14:15 Gudsteneste	
Undheim kyrkje	14:30 Høgtidsgudsteneste	
Bryne kyrkje	14:45 Julaftangudsteneste	
Time kyrkje	15:30 Gudsteneste	
Bryne kyrkje	16:00 Julaftangudsteneste	
Onsdag 25.desember	1. juledag	Joh 1,1-14
Time kyrkje	11:00 Høgtidsgudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	12:00 Gudsteneste med nattverd	Nattverd
Torsdag 26. desember	2. juledag	Joh 16,1-4a
Undheim kyrkje	10:30 Høgtidsgudsteneste	
Tirsdag 31. desember	Nyårsaftan	Matt 11,25-30
Bryne kyrkje	23:15 Midnattsmesse	